



Kvinnherad kommune  
Rådhuset

5470 ROSENDAL

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Grethe Sandvik	91899796	2018/196-6		26.03.2018

## Søknad om omdisponering av LNF-område og dispensasjon for bygging av avløpsstasjon/slamavskiljar, 190/2, Eidsvik

Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2013-2024, vart vedtatt i Kommunestyret 21.02.2013.

Når det gjeld avløpsanlegg så er hovudresipient for dei kommunale utsleppa Hardangerfjorden. I hovedplan for avløp frå 1996 er kommunen delt inn i 23 reinsedistrikt. Felles for mange av desse var den gong at avløpsvatnet vart ført ureinsa til utslepp, og det vart vedteke ein handlingsplan med samling til reinseanlegg på ein sentral utsleppstad innan dei ulike reinsedistrikta. For dei største tettbusetnadene vart det foreslått mekaniske silanlegg, for utslepp mindre enn om lag 1000 personekvivalentar slamavskiljar.

Med bakgrunn i kommunedelplan planlegg Kvinnherad kommune i prosjekt 5136, Avløpsanlegg Eidsvik, bygging av ny slamavskiljar på eigedom gnr 190 bnr 2, sjå vedlagt kartskisse. Grunneigar har godkjent anlegget, og det er utforma grunnavtale med grunneigar, sjå vedlegg. Nødvendig grunn for slamavskiljar, teknisk bygg, parkering og kummar, ca 200 m<sup>2</sup> skal snarast råd etter at anlegget er ferdiggstilt delast frå og overførast til kommunen. Det vert ikkje køyresterk plate over slamavskiljar.

Området der slamavskiljaren er planlagt plassert er i gjeldande kommuneplan 2018 regulert til LNFR areal for spredt bustad- fritids- eller næringsbebyggelse, mv. Adkomstveg og leidningar er tenkt plassert i område som i gjeldande kommuneplan 2018 er regulert til Andre typer bebyggelse og anlegg.

Med bakgrunn i dette søker vi med dette om dispensasjon frå arealføremålet LNFR til bygging av slamavskiljar og frådeling av nødvendig grunn, sidan det truleg berre er landbruksrelatert bygging som er tillete i dette området. Arealet som skal nyttast ligg nærare enn 100 meter frå sjøen. Sidan det i gjeldande kommuneplan ikkje er avsett byggjegrænse mot sjø, gjeld § 1-8 i pbl. «Forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag». Ut frå dette søker kommunen med dette også om dispensasjon jf. Pbl.§19-1, frå §1-8 i pbl. Forbod mot tiltak mv. Langs sjø og vassdrag.

Med helsing  
Kvinnherad kommune

Grethe Sandvik  
saksbehandlar